Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70.  Fylke: Nordhl.

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Lindås

Emne: Frå robåt og segl til motor.  Bygdelag: do

Oppskr. av: Anders Skjeldnes.  Gard:

(adresse): Lindås.  G.nr.  Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Fødd 1865.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sjåbruk og alt sam høyrer inn
under dette namne hev eg svært lite kjenn-
skap til og kan soleids ikkje upplysa
noko sers um disse ting, dertil kjem
at eg bur cirka 5 mil frå havet og hev
soleids ikkje havt nokkje mit der.

Då eg ikkje kjenner nokon der ute
i fiske"bygderne" sam eg kan tru ville
kunna gjeva upplysing um disse ting,
hev spurst um, vil eg rå til at De vender
Dekan til folkeskule lærarin, Feie. Der
ute bur berre folk sam driv sjøen
og han kan lett få greida på alt ved-
kamande disse ting det spørs um, og
eg skulle tru han hev god tid og til
det. Læraren kjenner eg ikkj, og heller
ikkje namnet hans, men då der berre
er ein lærar er adr. god nokk.

Eg kan berre melda at ein bonde
og båtbyggjar Nils Ingebriktsen Syslak
her i bygdi, var den fyrste som brukte
mottor sam han fekk sett inn i ein

14478

"storebåt" som lasta ca. 70 tunnor sild og som var brukt den tid ein dreiv silde-fiske i opne båtar ute ved havet, men ~~sa~~ no ville han bruka båten til å fragta varar på at folk, og soleis fekk han seg ein kunnig mann til å setja inn motor. Ditta tykte alle var gode greier, og so gjekk det temmeleg fort sidan –, di-striktslækaren, kommunen m. fl. fekk seg motorfarty i ein fart, dette var kring 1915 åri. Idag er ~~so~~ ein båt utan motor et skjeldant syn, sid den minste færing har innlagt motor, og ingen ynsk-jer seg lenger årar som drivkraft. Båtar med segl er no berre til sport.

Eg ringte no til Feie og fekk veta at ovannemnde lærar heiter <u>Tangen</u> og adr. er <u>Feie</u>. Då denna karen er fødd på Feie skulle han ha god greida på det dit her spørst um.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14478